FolkOrg

ÅRSMELDING

2024

FOLK ORG Organisasjon for folkemusikk og folkedans

Foto framside: Thor Hauknes
Fotografer: Johs Brye, Anders Lillebo, Thomas Westling, Runhild Heggem, Isa Holmgren, Thor Hauknes, Jostein Aardal, Live Visdal, Aslak Brimi
Formgjeving: Aslak Brimi

Post- og besøksadresse:
FolkOrg
Møllergata 39
0179 Oslo

Nett: www.folkorg.no
E-post: post@folkorg.no
Tlf.: 22 00 56 22

INNHALD

4 Helsing frå styreleiaren

6 Om FolkOrg

9 FolkOrgs arbeid i 2024

- 9 Barn og unge
- 12 Lagsutvikling
- 13 Arrangørutvikling
- 14 Utøvarutvikling
- 16 Kulturpolitikisk arbeid
- 18 Kappleikar og festivalar
- 22 Informasjon
- 23 Folkemusikk og folkemusikk.no

25 Vurdering av måloppnåing

32 Særskilde satsingar for 2023-2025

40 Vedlegg

HELSING FRÅ STYRELEIAREN

Det går ei folkemusikk- og folkedansbølgje over heile landet, og det er gledeleg å registrere at oppslutninga kring feltet vårt når stadig nye høgder. Det er truleg fleire årsaker til det, men merksemda i media, mellom anna gjennom NRK-serien Trollstemt, har nok bidrege til at fleire har fått auga opp for vår eigen, særeigne kulturarv. Det betyr sjølvsagt også mykje for merksemda og interessa for folkemusikkfeltet at fleire musikkmeldarar har trekt fram sjangeren som ein av dei mest interessante saman med hiphop for musikkåret 2025.

Riksscenen og Tuvas blodklubb har så hatt stor innverknad på at folk i hovudstaden har oppdaga folkemusikkmiljøet som eit spanande, eksotisk og inkluderande miljø som er ope for alle. Små og store heilårsarrangørar har stadig meir folkemusikk og folkedans på konsertprogrammet. Utdanningsinstitusjonane bidreg til at fleire vågar å satse på folkemusikk og folkedans som leveveg, og som gjennom fordjuping i eigen tradisjon, men òg i ulike sjangeroverskridande konstellasjonar, når ut til eit veksande publikum over heile landet. Norske tradisjonsutøvarar får òg stor merksemd internasjonalt, og blir stadig engasjerte på turnear og festivalar over heile verda. Det var stor stas å oppleve mottakinga og begeistringa for dei seks gruppene som representerte Noreg i Glasgow i januar i 2024 under Showcase Scotland og Celtic Connections.

FolkOrg opplever også auka oppslutning, og vi kan gle oss over 252 nye medlemar frå 2023 til 2024 og tre nye lokallag som vil vere med i fellesskapet vårt! Lokallaga er sjølve grunnmuren i FolkOrg, og svært mange lokallag driv godt og målretta lagsarbeid, spesielt med tanke på aktivitetar for barn og unge. Samarbeidet med Dextra Musica har stimulert til mange gode rekrutteringsprosjekt, og vi er svært glade for at Sparebankstiftelsen har gått inn med nye, friske midlar til vidare satsing dei neste åra.

For at barn og unge skal halde fram med song, spel og dans også etter at rekrutteringsprosjekta er avslutta, er ein avhengig av at det er lokallag rundt om i landet som kan tilby eit aktivt og levande miljø det er moro å vere ein del av.

Alt lokallagsarbeid avheng av lokale eldsjeler som er viljuge til å bruke tid og krefter på dette viktige arbeidet, og vi må legge til rette for at det skal vere attraktivt å vere med i spel- og dansarlaga, slik at ein held oppe aktivitetane og oppslutninga kring feltet vårt over heile landet.
Det var stor deltaking på både Landskappleiken på Gol og Landsfestivalen i Vestnes, og vi kan gle oss over to solid gjennomførte og svært trivelege arrangement. Ekstra gledeleg var det at båe arrangementa gjekk med millionoverskot, og når Kulturdepartementet i tillegg har gjeve oss ein ekstra million i driftstilskot øyremerka Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk, håpar vi det vil bidra til å trygge lokallaga rundt om i landet til å ta på seg arrangementa.

Tusen takk til dei to arrangørlaga, Gol Spel- og dansarlag og Møre og Romsdal folkemusikklag, for vel utført jobb og for at de tok på dykk desse store arrangementa! Vi nyttar samstundes høvet til å gratulere kongepokalvinnaren i kveding, Synnøve Brøndbo Plassen.

Under Landskappleiken på Gol vart det utnemnt eit nytt heidersmedlem i FolkOrg, som har lagt ned ein betydeleg innsats for vokaltradisjon gjennom ei årrekkje. Vi sender varme gratulasjonar til Eli Storbekken!

Folkelarm har verkeleg funne si form som eitt av dei største bransjetreffa for norsk, nordisk og samisk folkemusikk, og har blitt ein populær møteplass for folkemusikarar og -dansarar, delegatar, arrangørar og eit svært interessert og kompetent publikum. Den store folkemusikkhelga blei innleia torsdag kveld med finalekonsert i Introfolk, og det var til slutt Martin Steinum Brun som trekte det lengste strået og som vart kåra til Årets unge folkemusikkartist.
Folkelarmprisane blei delte ut laurdagskvelden under Folkelarm, og dei er ein viktig heider til alle dei dyktige folkemusikarane og deira plateselskap som gjev ut folkemusikk av høg kvalitet kvart einaste år. Den gjæve prisen Årets folkemusikar blei i år tildelt Tuva Syvertsen, og vi gratulerer alle prisvinnarane!

Styret og administrasjonen jobbar heile tida med å betre rammevilkåra folkemusikken og folkedansen og for FolkOrg og våre medlemar. Vi nyttar alle moglegheiter til å påverke sentrale styresmakter, både gjennom høyringar og i direkte møte med politikarar. Vi deltek òg aktivt på ulike kulturarenaer og i kulturdebattar. Dette er viktig arbeid for å synleggjere at vår sjanger skal og må ha sin naturlege plass i det norske kulturbiletet og med rammevilkår ein kan leve med.

Hilde Reitan
Styreleiar i FolkOrg

OM FOLKORG

STYRET OG UTVAL

Styret

Hilde Reitan (styreleiar)
Camilla Granlien (nestleiar)
Kristian Ihle Hanto (nestleiar)
Thomas Nilssen (styremedlem)
Lene Furuli (styremedlem)
Torfinn Hofstad (styremedlem)
Tormod Kleiveland (styremedlem)
Anders L. Herfoss (1. varamedlem)
Helene Høye (2. varamedlem)
Gro Skanke Raattama (3. varamedlem)



I 2024 har styret hatt fem møte. To av møta var over to dagar. På møta har styret handsama 45 saker. I tillegg til dei faste medlemane har fyrste varamedlem vore innkalla fast til alle møte.

I meldingsåret har styret hatt ulike representasjons-oppgåver. Det var representantar frå styret på Landskappleiken, Landsfestivalen og Folkelarm.

Arbeidsutvalet (AU) i organisasjonen har vore Hilde Reitan, Camilla Granlien og Kristian Ihle Hanto. Dagleg leiar har vore skrivar. AU har i meldingsperioden hatt seks møte samt mange små drøftingsmøte gjennom året.

Fagutval for yrkesutøvarar har vore Ingebjørg Lognvik Reinholdt, Mattias Thedens og Jon Bugge Mariussen, i tillegg til Camilla Granlien og Torfinn Hofstad som er representantar frå yrkesutøvargruppa i styret. Fagutvalet har hatt sju møte og har elles vore tilgjengeleg for administrasjonen. Utvalet hadde også dialogmøte med styret knytt til styremøtet i september.

Styre for barn og unge i FolkOrg. I styremøte 02-2024 vedtok styret i FolkOrg at organisasjonen skal ha eit eiget styre for arbeid med barn og unge. Styret vedtok at AU i FolkOrg skulle fungere som eit styre for barn og unge i FolkOrg fram til eventuelt landsmøtet gjer eit anna vedtak. Styret for barn og unge i FolkOrg diskuterer saker som gjeld barn og unge, og kjem med råd inn til styret om saker som rører ved denne gruppa.

HEIDERSMEDLEMAR I FOLKORG

Pr. 31.12.2024 har vi 32 heidersmedlemar i FolkOrg. **Eli Storbekken** vart i 2024 utnemnd til heidersmedlem i FolkOrg under meisterkonserten på Landskappleiken på Gol.

Følgjande heidersmedlemar gjekk dessverre bort i 2024: Dagfinn Nupen, Agnes Buen Garnås, Amund Bjørgen, Elisabeth Kværne, Halvdan Furholt, Ingar Ranheim og Ellen Nordstoga.

MEDLEMAR

Medlemstal

FolkOrg hadde 4724 medlemar pr. 31.12.2024. Det er 252 fleire enn i 2023. Av desse er 651 barn/unge (t.o.m. 17 år) og 1044 er under 26 år. Det er 144 fleire medlemar under 26 år enn i 2023.

Medlemslag

Pr. 31.12.2024 hadde FolkOrg:

- 153 lokale medlemslag - tre fleire enn i 2023.
- 10 områdelag - likt som i 2023

Arrangørmedlemar

Pr. 31.12.2024 hadde FolkOrg 12 arrangørmedlemar, litt over 30 arrangørar og 15 festivalar i nettverket.

MEDLEMSKAP

Medlemskap i andre organisasjonar:

FolkOrg var i 2024 medlem i:

- Norsk musikkråd
- Frivillighet Norge
- Kulturalliansen
- Musikkindustriens Næringsråd (meldt ut frå 1. januar 2025)
- Balansekunst
- European Folk Network
- Nordisk Folkemusikkomité / Nordic Folk Council
- Norske Kulturrarrangører (Folkelarm)

FolkOrg er medstiftar av:

- Telemarkfestivalen
- Førdefestivalen
- Den Norske Folkemusikkveka
- Hilmar Alexandersens Folkemusikkfestival
- Etnisk Musikklubb (medstiftar og deleigar)
- Musikkutstyrsordningen
- Stiftinga Riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans
- Kulturalliansen
- European Folk Network

ØKONOMI OG REKNESKAP

FolkOrg har tradisjon for å ha ein edrueleg og forsiktig pengebruk. Styret og landsmøtet vedtok å bruke ein del av den opparbeidde eigenkapitalen på feiringa av FolkOrg sitt 100-årsjubileum i 2023 med ønskje og mål om å leggje vekt på ei brei og mangfaldig feiring. FolkOrg fekk også 1 million kroner ekstra til jubileumsåret frå KUD. Ein brukte litt over 1 million av eigenkapitalen på jubileet.

Av ulike grunnar vart underskotet i 2023 mindre enn budsjettert då ein del utgifter ikkje blei belasta før i 2024, mellom anna har vi betalt tilbake omtrent 500 000 kr av overskytande Dextra-midlar samt resterande utgifter knytt til jubileet.

Likevel viser rekneskapen for 2024 at vi har eit positivt driftsresultat på rundt 60 000 kr. Dette har fleire årsaker: Budsjettet for 2024 vart ikkje justert etter at landsmøtet gjorde endringar på nytt kontingentsystem, noko som vart iverksett allereie for 2024. Vi har hatt ei auke på nesten 250 betalande medlemar i 2024, som gjer at inntektene har vorte betydeleg høgare enn budsjettert. Ein annan faktor er jubileumsåret. FolkOrg hadde betrakteleg større driftsutgifter i 2023 enn vanleg på grunn av jubileet. Dette gjer at momskompensasjonen utbetalt i 2024, der 2023 er grunnlagsåret, var mykje høgare enn vanleg (over 250 000 kr meir enn utbetalt i 2023). Så har også styret i lag med dagleg leiar hatt eit ønskje om ein nøktern pengebruk i 2024 nettopp for å sikre at ein ikkje tærer meir på eigenkapitalen enn heilt naudsynt med tanke på innhogget i eigenkapitalen i 2023.

Med renteinntektene gjennom året endar årsresultatet på ca. 270 000 kroner. Ved årsskiftet har eigenkapitalen vår auka til ca. 3,55 millionar kr.

Konklusjonen er at organisasjonen ved inngangen til 2025 har ein sunn økonomi og står rusta for eit godt og utviklande arbeid for medlemane og for folkemusikk- og folkedansmiljøet generelt.

Vedlegg: Signert rekneskap ligg ved bak i årsmeldinga.

ADMINISTRASJONEN

Administrasjonen held til i eit kontorlokale i Møllergata 39 i Oslo. Der er administrasjonen samlokalisert med ei rekkje andre musikkorganisasjonar. Dei tilsette i FolkOrg i meldingsåret har vore:

Aslak Brimi	Dagleg leiar
Jorun Hagen	Kontormedarbeidar
Liv Annette Nygjerdet	Informasjonsrådgjevar
Sina Myhr	Rådgjevar for Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Prosjektleiar for FolkLeiarUng fram til sommaren.
Ann Helen Erichsen	Rådgjevar med ansvar for utøvarutvikling og prosjektleiar for Folkelarm.
Solfrid Gjeldokk	Rådgjevar med ansvar for barne- og ungdom, lokallag og rekruttering. (fram til mai 2024).
Live Visdal	Rådgjevar med ansvar for barne- og ungdom, lokallag og rekruttering frå 1. mai.
Audun Stokke Hole	Redaktør i bladet Folkemusikk (fram til 1. august 2024)
Kjellbjørn Karsrud	Redaktør i bladet Folkemusikk (frå 1. august 2024)
Johanne Flottorp	30 prosent stilling som skribent/journalist i Folkemusikk
Jostein Aardal	Engasjert som medredaktør og journalist i bladet Folkemusikk fram til oktober 2024.

I administrasjonen var det til saman sju faste årsverk. Vi har òg til saman 0,2 årsverk som kan brukast til å leige inn ekstrahjelp og konsulentar når det trengst.

Administrasjonen si viktigaste oppgåve er å følgje opp medlemar og medlemslag. I samband med dette kjem også fakturering, økonomioppfølging, oppdatering av medlemssystem, personaloppfølging, sakshandsaming og møteførebuingar, forsikringar, abonnementsoppfølging, rapporteringar, jamleg oppdatering av nettsider, svar på ulike førespurnader og andre oppgåver som er naudsynte når ein driv ein organisasjon. I tillegg kjem det strategiske og varierte arbeidet knytt til langtidsplanen og dei særskilte satsingane.

Bulder og Brak under Landskappleiken 2024.

ORGANISASJONENS ARBEIDSFELT I MELDINGSÅRET

BARN OG UNGDOM

FolkOrg har ein eigen rådgjevar som har ansvaret for å arbeide for barn og unge i organisasjonen. Veldig mange av FolkOrg sine lokallag har prosjekt og drift som involverer barn og unge, og vi ser at rådgjevaren vår er ein aktiv rettleiar for mange prosjekt og opplegg i lokallaga.

I alle FolkOrgs arrangement er det opplegg for barn og unge. Noko av det vi er stoltast av, er nettopp det at miljøet femner på tvers av generasjonar. Arrangementa våre er møteplassar for folkemusikk- og folkedansinteresserte i alle aldrar. Vi legg dessutan opp til eigne møteplassar for lokallag som arbeider med barn og unge.

Både på Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk er det juniorklasser for barn mellom 12 og 18 år. Dei som er mellom 4 og 12, er med på sjokoladekappleik, der det ikkje er dømming. På sjokoladekappleiken under Landskappleiken i Lom 2023 var det over 60 startnummer. Også mange av lokallaga har sjokoladekappleik på ulike stemne og lokalkappleikar gjennom året.

FolkLeiarUng

FolkOrg har sidan 2021 drive rekrutteringsprosjektet FolkLeiarUng. Dette rettar seg mot musikarar og dansarar i alderen 15–23 år som ønskjer å utforske rolla som leiar og pedagog. Prosjektet tek sikte på å gje deltakarane utvikling innan folkemusikk og folkedans over to samlingshelgar i året. Instruktørane er Vegar Vårdal og Kristoffer Kleiveland på musikk, og Anna Gjendem og Ina Maria Cyrus på dans.

Prosjektet er meint å vere eit bidrag til laga, slik at dei eldre ungdommane får eit tilbod som kan auke motivasjonen til å halde fram med spelinga, synginga, dansinga og aktiviteten der. Instruktørane følgjer opp både deltakarar og dei tilhøyrande spelemannslaga, trekkspelklubbane og danselaga mellom samlingane.

I prosjektåret 2023/2024 var det med sju deltakarar frå sju ulike spelemannslag og trekkspelklubbar, fordelte på instrumenta vokal, fele, hardingfele, og toradar.

Nytt for tildelinga i 2024-2026 er at FolkLeiarUng vart utvida med eit tilsvarande prosjekt for folkedansarar frå hausten 2024. I prosjektåret 2024/2025 er det med 15 deltakarar, fem på musikk og 10 på dans. Deltakarane kjem frå ni ulike lag frå Bodø i nord til Kristiansand i sør. Deltakarane på musikk var fordelte på instrumenta fele og klarinett.

Prosjektet er eit samarbeid med Noregs Ungdomslag, og finansiert med stønad frå Dextra Musica.

FolkelarmUng

Nytt av året på Folkelarm var ein barne- og familiedag søndagen same helga. Det var både konsertar, førestillingar, dans og aktivitetar for små og store i og rundt Schouskvartalet. Det var tre barneførestillingar og ei eventyrstund i lavvoen utanfor. Alle aktivitetane var gratis og opne for alle. I tillegg var det eit fagseminar på morgonen med DKS som fokus.

FolkelarmUng var eit samarbeid mellom Folkelarm og Oslofolk, samt Samspill og konsertserien Lilleriksen. Det var mykje folk, og alle tre førestillingane var heilt fulle! Den positive repsonsen gjer at det blir planlagt for nytt FolkelarmUng i 2025.

Rekrutteringsseminar

FolkOrg har sidan 2017 motteke stønad frå Dextra Musica til rekrutteringsprosjekt og rekruttering-sarbeid innanfor folkemusikk og folkedans. Desse midlane vart i dei fyrste åra delte ut til ulike rekrutteringsprosjekt, og har sidan 2021 også inkludert FolkOrg sitt eige prosjekt FolkLeiarUng. I tillegg til desse to satsingsområda arrangerer FolkOrg to rekrutteringsseminar i halvåret, eitt fysisk og eitt digitalt. Desse seminara er meinte som ein møteplass for alle som driv med rekrutteringsarbeid i FolkOrg, og er opne for alle. Representantar frå rekrutteringsprosjekta blir spesielt inviterte til seminara.

Under Folkelarm i november vart det arrangert fysisk rekrutteringsseminar. Her var det presentasjonar frå tre ulike prosjekt som fekk rekrutteringsmidlar frå Dextra Musica i 2024. Prosjekta var Folkedansespor i Sogn og Fjordane, FolkRekrutt Røros og Dansefolk i Bergen UL Ervingen. Seminaret hadde god oppslutning, både av representantar frå dei ulike rekrutteringsprosjekta og av andre som arbeider for, eller er interesserte i, rekruttering innanfor folkemusikk og folkedans.

Gnist-prisen 2025

Gnist-prisen vart oppretta våren 2017 og er ein pris som blir delt ut til eit lag som driv med opplæring i folkedans for barn og unge. Det er Gnistfonden som gjev prisen på 15 000 kr, og han blir delt ut årleg i samband med Landskappleiken. Formålet med prisen er å stø lag som jobbar medvite med å skape eit godt og inkluderande læringsmiljø blant born og unge som dansar folkedans.

I tillegg til sjølve prisutdelinga blir det også arrangert ei eiga Gnist-samling for ungdom med dans, spel og pizza. Gnist-prisen vart i 2024 delt ut til Gaular Spelemannslag under meisterkonserten på Landskappleiken på Gol.

Dette seier juryen om årets prisvinnar:

Årets vinnarar av Gnist-prisen er eit lag som har jobba aktivt og målretta for å få opp att danseaktiviteten i laget etter pandemien. Dei har blant anna arrangert opne dansekveldar for born og unge i barneskulealder, der over 20 unge møter opp jamnleg på øving. Dette utgjer 60% av elevtalet ved skulen i bygda!

Vinnaren har over fleire år jobba med å ta fram att den lokale springaren frå gløymsla. Eit synleg resultat av dette arbeidet er at springaren igjen vert dansa av born og unge både på kurs og kappleikar. Dette gode rekrutteringsarbeidet i laget har ført til ei medlemsauke på 50% frå 2022 til 2023.

Årets vinnar av Gnist-prisen har klart å bygge opp eit levande og inspirerande folkedanstilbod for born og unge i Sunnfjord. Det er med stor glede at vi vil gje Gnist-prisen 2024 til Gaular Spelemannslag!

Tidlegare vinnarar av Gnist-prisen:

Hugnad Ungdomslag på Torpo i Ål (2017), Granherad Spel og dansarlag (2018), Folke-musikkUNG i Valdres (2019), Leikarringen i BUL Oslo (2020), Spelemannslaget Fjelljom, Stryn (2022) og Fuglen (2023).

Vinnar av Gnist-prisen i 2024 var Gaular Spelemannslag, her representert ved Mari Andrea Ness.

Tilskot til barne- og ungdomsarbeid

FolkOrg forvaltar fleire ulike tilskotsordningar som medlemane kan søkje på. Nokre av desse er spesielt retta mot barn og unge. Ordningane for momskompensasjon (frå Lotteri- og stiftelsestilsynet) og Aktivitetstilskot (frå FolkOrg) er ordningar som gjev tilskot til søkjarar og tiltak uavhengig av alder. Delar av midlane som blir delte ut innanfor desse ordningane, går til tiltak retta mot barn og ungdom under

Barnesonggruppa på Gol under opninga av Landskappleiken 2024.

26 år, men det blir også delt ut til tiltak og aktivitetar utan spesifiserte aldersgrupper.

Fleire av tilskotsordningane FolkOrg forvaltar, er spesielt retta mot tiltak og aktivitetar for barn og ungdom under 26 år.

Frifond organisasjon

Gjennom Frifond Organisasjon fekk FolkOrg i 2024 tilsegn om kr 677 370,- for utdeling til lokallaga. Frifond organisasjon er ei støtteordning som blir forvalta av Norsk Musikkråd på vegne av Kulturdepartementet, og midlane går til arbeid blant barn og unge under 26. Det er mange lokallag som har både små og store prosjekt knytt til barn og unge. Det kom inn 31 søknader i 2024, og 27 søkjarar fekk innvilga stønad.

Rekrutteringsprosjekt gjennom DEXTRA

FolkOrg har sidan 2017 fått midlar frå Dextra Musica til å stø opp om større rekrutteringsprosjekt innanfor folkemusikk og folkedans i Noreg. Eit av hovudmåla med denne støtteordninga er å hjelpe i gang solide rekrutteringsprosjekt som fører til varige tilbod. Prosjekta som får tildelt midlar, må difor ha ein tydeleg intensjon om langvarig aktivitet og ein plan for vidare drift etter at støtta frå FolkOrg og Dextra Musica er avslutta. Sumaren 2023 fekk FolkOrg tildeling for tre nye år frå Dextra Musica for perioden 2024–2026. I 2024 kom det inn 24 søknader, og FolkOrg vedtok å tildele midlar til 16 rekrutteringsprosjekt.

Senking av terskel for deltaking

I 2024 mottok FolkOrg ein eingongssum frå Kultur- og likestillingsdepartementet, gjennom Norsk Musikkråd, der midlane skal kome lokallaga til gode ved å senke terskelen for deltaking av barn og unge. FolkOrg valde å dele opp midlane i tre ordningar:

- Kompensasjon for deltakaravgift for juniorar på Landskappleiken
- Kompensasjon for deltakaravgift for juniorar på Landsfestivalen i gammaldansmusikk
- Stønad til senking av terskel for deltaking barn og unge.

I søknadsrunden kom det inn 16 søknader om kompensasjon for deltakaravgift for juniorar på LK (totalt 88 000 kr), fem søknader om kompensasjon for deltakaravgift for juniorar på LF (totalt 10000), og 17 søknader om stønad til senking av terskel for deltaking barn og unge (tildelt 191 373 kr). Alle søknadene fekk innvilga stønad.

Alle tildelingslistene ligg som vedlegg bakerst i årsmeldinga.

LAGSUTVIKLING

Lokallaga er ryggrada i organisasjonen. I 2024 fekk vi fire nye medlemslag. Frå sentralleddet blir det kontinuerleg sendt ut informasjon om aktuelle saker, hendingar, støtteordningar og søknadsfristar til lokallag og områdelag i form av e-post, innlegg på Facebook og artiklar på heimesida. FolkOrgs lokallagspris blir delt ut annakvart år på landsmøtet til FolkOrg, og det vart difor ikkje delt ut pris i 2024.

Lokallagskaffi

FolkOrg ønskjer å skape eit tett samarbeid og dialog mellom sentralleddet og lokallaga. Sidan 2021 har FolkOrg arrangert digital lokallagskaffi. Her er tillitsvalde i lokallag og områdelag spesielt inviterte, i tillegg til alle medlemar. Dette forumet er ein møtestad mellom laga og administrasjonen i FolkOrg. Av temaene for kaffitreffa i 2024 var TONO, StyreWeb, rekruttering, aktuelle støtteordningar for laga, tips til godt styrearbeid, informasjon om Musikkens Studieforbund, korleis arrangere lokalkappleik, og korleis skrive god søknad med Gro Marie Svidal.

Besøk i lokallag og områdelag

Normalt blir fleire av årsmøta i områdelaga lagde til regionale kappleikar og liknande arrangement, noko som gjer at ein òg får høve til å treffe mange representantar frå dei ulike lokallaga. Nokre av årsmøta i områdelaga har vorte gjennomførte digitalt, mens andre har blitt gjennomførte fysisk.

I meldingsåret har FolkOrg vore til stades på fem av ti årsmøte i områdelaga. Eitt møte vart gjennomført fysisk, og fire møte vart gjennomførte digitalt.

Momskompensasjon

Lokallag, områdelag, arrangørmedlemmer og aksjeselskap kan søkje momskompensasjon gjennom FolkOrg, og i 2024 fekk FolkOrg 67 søknader til ordninga. FolkOrg fekk da ein samla sum til fordeling på 1 866 189 kr: Valdres folkemusikkarrangement AS 409 483 kr, sju områdelag 264 366 kr, fire arrangørmedlemmar 148 048 kr, og 55 lokallaga 1 044 292 kr. Sentralleddet fekk 1 001 471 kr.

Aktivitetstilskot

FolkOrg har hatt fleire ulike støtteordningar for lokallag og medlemer. Frå 2023 vart dei tidlegare ordningane Rekrutteringsstøtte, Dansetilskot og Aktivitetsstøtte slått saman til ei felles ordning: Aktivitetsstøtte. Den økonomiske ramma er på 200 000 kr og søknadsfristen er i april kvart år. Enkeltmedlemer, lokallag, områdelag og arrangøramedlemmar kan søkje på ordninga til lokale folkemusikk- og folkedansaktiviteter som har fokus på aktivitet, rekruttering og/eller opplæring. I 2024 kom det inn 43 søknadar til ordninga, og 32 tiltak fekk innvilga stønad.

Fullstendig liste over mottakarar av momskompensasjon og aktivitetstilskot for 2024 ligg som vedlegg bak i årsmeldinga.

Eitt av FolkOrgs nye lokallag, Øyrafolk, spelte på Landsfestivalen i gammaldansmusikk på Vestnes.

ARRANGØRUTVIKLING

Informasjon og rådgjeving

Vi har hatt kontakt, både fysisk og pr. telefon og e-post, med mange av folkemusikkarrangørane i organisasjonen. FolkOrg arrangerer også seminar og ei eiga samling for folkemusikkarrangørar i samband med Folkelarm, sidan dette er den viktigaste møteplassen for dei norske folkemusikkarrangørane.

Ved utgangen av 2024 hadde FolkOrg 12 formelle arrangørmedlemar.

Arrangørforum

FolkOrg er ein av samarbeidspartane i Arrangørforum, eit forum som diskuterer situasjonen for norske kulturarrangørar. Dei andre partane er Norsk jazzforum, Norske Konsertarrangører, Norsk Viseforum, Norsk Bluesunion, Klassisk, nyMusikk og Norske kulturhus, alle er organisasjonar som har arrangørar som medlemar.

Arrangørforum er eit konstruktivt og kreativt samarbeid om kulturpolitisk påverking på arrangørfeltet og er eit viktig forum for kompetansedeling. Arrangørforum arrangerte ein eigen debatt under Arendalsuka, «Kultursatsning; en god og lønnsom investering». Forumet arrangerte også ein kulturdebatt etter framlegg av statsbudsjettet i oktober på Youngs med kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery til stades. Arrangørforum samarbeidde også om høyringsinnspelet om ny kulturlov i desember.

Årets folkemusikkarrangør

Prisen årets folkemusikkarrangør har vorte delt ut av FolkOrg sidan 2012 og skal synleggjere godt arrangørarbeid og heidre dei beste arrangørane. Samstundes skal prisen stimulere til dialog, idéutveksling og utvikling på arrangørfeltet. Prisen er ein del av Folkelarmprisen, men det er styret i FolkOrg som er jury for denne.

Prisen vart delt ut under Folkelarmprisen 2024, og årets nominerte var Leikarringen i BUL Oslo for sine opne og inkluderande danseøvingar, TrondheimFOLK for sitt godt programmerte vår - og haustprogram, og Riksscenen for sin konsertserie Tuvas Blodklubb.

Vinnaren av årets pris vart Riksscenen og Tuvas Blodklubb. Denne konsertserien er grunnlagd på ein unik kunstnarisk ide – som evnar å vere nyskapande og tru til tradisjonen på same tid. Konseptet har opna auga for folkemusikk og folkedans for heilt nye grupper. Ein har tilgjengeleggjort folkemusikken og dansen på heilt nye måtar.

Arrangøren trekkjer fulle hus kvar gong arrangementet går av stabelen, og folkemusikk-klubben på Grünerløkka har vorte den hippaste staden å vere. Tuva Syvertsen er klubbvertinne og programmerer blodklubben i lag med produsentane på Riksscenen. Tuvas Blodklubb inneheld konsertar der tradisjon og kvalitet står i høgsetet. I tillegg blir det arrangert quiz og dansekurs, og kvelden blir avslutta med eit DJ-set.

Vinnar av Folkelarmprisen 2024 Årets arrangør vart Riksscenen for sitt konsept Tuvas Blodklubb. Her er direktør på Riksscenen, Ane Carmen Roggen ilag med Tuva Syvertsen og Asgaut Bakken.

UTØVARUTVIKLING

Utøvarutvikling er noko FolkOrg gjer via arrangering av Folkelarm, bidra på festivalen DANS DANS DANS, arrangere Introfolk, og ikkje minst gje relevant kompetanseheving og kontinuerleg informasjon om aktuelle kurs og søknadsfristar for feltet og på oppfølging av viktige kulturpolitiske saker. FolkOrg driv forumet «Yrkesutøvarar i FolkOrg» for diskusjon og informasjon på Facebook. Vi driv òg eit tilsvarande forum for kulturskulelærarar innanfor folkemusikk og folkedans.

Administrasjonen har delteke på seminar på WOMEX, på Nordic Folk Alliance og møte i blant anna Kulturrådet for å halde seg oppdatert på tema som er relevante for utøvarane.

Gruppa for yrkesutøvarar og Fagutvalet for yrkesutøvarar

Utøvarar kan melde seg inn i gruppa for yrkesutøvarar i tillegg til å vere vanlege FolkOrg-medlemar. Med yrkesutøvar meiner ein utøvarar som har inntekt av folkemusikk og/eller folkedans. Pedagogar innanfor feltet og instrumentmakarar blir rekna som yrkesutøvarar i FolkOrg, i tillegg til dei som lever av musikk- og danseutøving. Det er 328 yrkesutøvarar registrert i FolkOrg per 31/12-2024, noko som er 32 fleire enn i 2023. I 2024 vart det organisert 5 digitale møte for yrkesutøvarane og eit fysisk møte under Folkelarm.

Fagutval for yrkesutøvarar skal vere eit rådgjevande organ for styret i FolkOrg. Samansettinga av utvalet og valordning er regulert i vedtektene. Det har også som intensjon å kome med innspel og idear, og ikkje minst ha ei koordinerande rolle for yrkesutøvargruppa i FolkOrg.

Under landsmøtet i 2023 vart følgjande vedteke: «For å styrke arbeidet for yrkesutøvarane skal styret, i samråd med utvalet for yrkesutøvarane, utarbeide mandat for utvalet, lage ein plan for gjennomføring av mål og dei særskilde satsingane og prioritere administrative ressursar til utvalet sitt arbeid. Styret rapporterer til Landsmøtet på dette arbeidet som ein del årsmeldingane.»

Følgjande mandat har blitt utarbeida for fagutvalet for yrkesutøvarar: «Utvalet for yrkesutøvarar er eit fagleg organ for yrkesutøvarfeltet i FolkOrg. Utvalet skal handsame saker som vedgår yrkesutøvarane, og gje råd til styret i slike saker». Styret stiller administrative ressursar til rådvelde for utvalet, m.a. med rådgjevar som har yrkesutøvarfeltet som del av si stilling, og som også fungerer som sekretær for utvalet. Utvalet har hatt 7 møte i 2024, og eitt dialogmøte med styret. Utvalet er også med på alle digitale yrkesutøvarsamlingar, som det har vore fem av i 2024. Under Folkelarm vart det i tillegg arrangert eit fysisk møte laurdag i lavvoen.

Utvalet har i 2024 lagt vekt på korleis vi kan skape gode møteplassar for yrkesutøvarane i FolkOrg. Utvalet har saman med rådgjevar laga ein plan for dei digitale møta og innhald i møta som gjev naudsynt og viktig fagleg påfyll. Utvalet har diskutert og gjeve innspel til styret kring bachelorutdanning ved USN, gjeve innspel til Oslo kommune i høve kunstnarstipend og har delteke i debatten kring forvalting og fordeling av TONO.

Seminar på Folkelarm 2024

Seminarprogrammet under Folkelarm var variert og innhaldsrikt:

- Norsk folkemusikklag: «Korleis undervise på hardingfele?»
- SSF: Arkiv og digitalisering – «Hva skjer med utviklingen av nytt fagsystem for folkemusikkarkivene?»
- FolkOrg: Arrangørnettverksamling – «Kan mer samarbeid mellom arrangørene gi bedre turneer og flere bookinger for artister?»
- MØST: «Økonomi og organisering for kulturbransjen»
- SFF/NU/FolkOrg: «Folkedans på resept – Folkedansseminar»
- NOU om musikkfeltet – «Kva er ståa på folkemusikkfeltet?»

- CREO - Frilansfrokost – «Hele verden er en scene!»
- Gro Marie Svidal og FolkOrg: «Fagseminar - Improvisasjon i spel, song og dans»
- FolkOrg: «Building Nordic Network? - with Global North»
- NKA: «CSV - Sámi spirit in the field of cultural organizing»
- FolkOrg: «Branding Nordic Music»
- NOPA og Tono: «Folkemusikkens delingskultur i møte med opphavsrett»
- NIMF: «Utstilling med Norsk Instrumentmakerforening»
- FolkOrg: «Marked og musikk for arrangører, plateselskap og musikere»
- FolkOrg: «What´s the state of the European Folk Music marked?»
- FolkOrg: «Møte for yrkesutøvarar»
- FolkOrg: «Frå ide til ferdig førestilling - og vegen vidare til festivalar og DKS. Kva skal til for å lage gode folkemusikk- og folkedansførestillingar for barn og unge?»

Introfolk 2024 - 2028

Introfolk er eit talent- og mentoreringsprogram for unge norske og samiske folkemusikarar og folkedansarar. Introfolk skal ende opp med Årets unge folkemusikar samstundes som at målet er at alle deltakarane skal få eit stort fagleg utbytte.

FolkOrg lukkast med å få tilskot til Introfolk frå Talent Norge og Sparebankstiftelsen for 2024-2028, altså tre rundar inkludert 2024. Introfolk blir gjennomført kvart andre år, og i den nye prosjektperioden har vi auka fokus på mentorering, og oppfølging av alle deltakarane.

Vinnaren i 2024 får ein ferdigsydd konsertturné i løpet av 2025, ein full showcase på Folkelarm 2025 og ei skreddarsydd mentorpakke.

I 2024 var det 13 søkjarar om å bli med på Introfolk, Det seks som vart valgt ut Martin Steinum Brun, Vera Sonne, Åsmund Farstad, Andrea Søgnen, Amalie Kinsarvik Tvilde og Trygve Liahagen. Desse møttest på Voss i oktober for ei veke med mentorering og utveksling av tankar og idear. Mentorane var Irene Tillung og Benedicte Maurseth. Amalie, Åsmund og Martin vart med vidare til finalen på Folkelarm, der til slutt Martin Steinum Brun vart utpeikt til Årets unge folkemusikar 2024.

Årets utvalgsjury var Ådne G. Kolbjørnshus, Sølvi Lien og Helene Dolva Broch. Jury på Introkonserten på Voss var Berit Opheim, Ådne G. Kolbjørnshus og Gusta Tronstad. Jury på finalekonserten under Folkelarm var Ådne G. Kolbjørsnhus, Ane Carmen Roggen og Øyvind Sandum.

Introfolkartistane 2024. F.v.: Martin S. Brun, Vera Sonne, Åsmund Farstad, Andrea Søgnen, Amalie K. Tvilde og Trygve Liahagen.

Biletet til høgre: Vinnar 2024 vart Martin Steinum Brun, her frå finalekonserten under Folkelarm.

KULTURPOLITISK ARBEID

Større ressurs til arbeid med Landskappleiken og Landsfestivalen

FolkOrg har gjennom mykje av 2023 og 2024 argumentert sterkt for at sentralleddet i organisasjonen må styrkast for å vere ein endå sterkare støttespelar og bidragsytar knytt til dei to store arrangementa våre, Landskappleiken og Landsfestivalen. FolkOrg søkte om auke på 1 million kroner for budsjettet for 2024 utan å få, og vi søkte tilsvarande for 2025. Det var møte med medlemar av Familie- og kulturkomiteen på Stortinget, og statsråd Lubna Jaffery var på Landskappleiken på Gol. Og hausten 2024 fekk vi den gledelege nyheita om at FolkOrg fekk auka tilskotet med 1 million frå 2025! Dette skal mellom anna nyttast til at endå større personalressursar i administrasjonen skal yte hjelp med arbeidet knytt til Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk.

Statsbudsjettet

Vi leverte innspel til regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett. I høyringsmøtet i familie- og kulturkomiteen tok vi opp dette både skriftleg og munnleg:

- Vi fortalde om arbeidet vårt med folkemusikk og -dans. Vi nytta også anledninga til å takk for at politikarane hadde høyrt på oss og teke oss på alvor, og at vi set stor pris på det auka tilskotet.
- Vi prata positivt om midlane til regionale kulturfond i 2024.
- Vi sa at det var bra med full meirverdikompensasjon til frivillige lag, men at vi ikkje er i mål før ordninga er regelstyrt.
- Vi bad igjen om at det må ryddast i bruken av kulturandelen av tippemidlane.
- Vi bad om at potten til dei viktige fonda for musikarar og dansarar i Norsk kulturfond må aukast.

FolkOrg leverte innspel til utanriks- og forsvarskomiteen i lag med Norsk jazzforum der vi bad om at organisasjonane Norwegian Arts Abroad – for musikkfeltet sin del er dette Music Norway – blir styrka betrakteleg.

I tillegg til å sende innspel og vere til stades på høyringane på Stortinget arrangerte vi debatt om kulturbudsjettet saman med Arrangørforum. Der var både kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery og fleire av politikarane frå familie- og kulturkomiteen til stades.

Regionale kulturfond

FolkOrg var initiativtakar til regionale kulturfond saman med dei andre organisasjonane i Arrangørforum, og det var såleis gledeleg at regjeringa hadde det med som ei satsing i Hurdalsplattforma. Seinare laga vi eit notat med framlegg til innretning av ordninga, saman med organisasjonane i Arrangørforum, Norsk musikkråd og Norsk kulturforum. Vi har fleire gonger løfta temaet opp på agendaen, og eit viktig steg på vegen var strategi for kulturfrivilligheit som kom i 2023. På statsbudsjettet for 2025 kom det endeleg midlar på statsbudsjettet, og høyring på forskrift om Regionale kulturfond ligg no ute. Vi vonar regionale kulturfond kan bli ei velfungerande ordning som kan bidra til eit aktivt regionalt kulturliv.

Eksportsatsing på folkemusikk

Vi har over fleire år hatt godt samarbeid og dialog med Music Norway, mellom anna om eksportsatsingsprosjekt for folkemusikk. Vi har hatt samarbeid med Utanriksdepartementet om det same. Til dømes Partnarskapsavtalen med Showcase Scotland. Dei seks norske artistane på Showcase Scotland i januar 2024 fekk vist fram noko av det beste norsk folkemusikk har å by på til tusenvis av publikummarar og delegatar. Dette førte også vidare til at tre av dei vart booka på Cambridge Folk Festival i England. 2024 vart eit år utan nye og store prosjekt, men FolkOrg har brukt mykje tid på å ha dialog med Music Norway om framtidige prosjekt, og ikkje minst bli kjent med – og presentere norsk folkemusikk – for den nye rådgjevaren på jazz og folkemusikk i Music Norway.

NRK

NRK var godt representert på Landskappleiken og gjorde både musikkopptak og reportasjar. NRK gjev opp at Landskappleiken var den einaste festivalen i 2024 som NRK gjorde opptak av på denne måten. FolkOrg har hatt fleire møte med NRK og redaksjonen i NRK Folkemusikk, og kome med idear og innspel om vidare arbeid. FolkOrg og NRK har jamn og god dialog, og har arbeidd for å få til eit samarbeid knytt til Introfolk i 2026.

Innspel til utvalet som arbeider med ny NOU på musikkfeltet

I 2023 vart det sett ned eit utval som skulle sjå på heile musikkfeltet, med mål om å kome med ein ny NOU våren 2025. Gjennom heile 2024 har utvalet reist rundt og besøkt musikkfeltet, og i fleire høve har FolkOrg og lokallag møtt delar av utvalet for å diskutere og drøfte situasjonen på folkemusikkfeltet. Mellom anna hadde dagleg leiar møte med utvalet i februar for å prate om den norske folkemusikken og folkedansen. Dagleg leiar hadde også møte med utvalsleiar både på Arendalsuka og på Folkelarm.

Til eit arbeid med ein NOU er utvalet avhengig av skrifteleg innspel til utvalet. FolkOrg har samarbeidd med Noregs Ungdomslag, Riksscenen og Norsk senter for folkemusikk og folkedans om å få til eitt stort og felles innspel til utvalet. Dette innspelet vart sendt inn i september, og presentert i plenum på Folkelarm.

Anna kulturpolitisk arbeid

FolkOrg har kome med fleire skriftlege høyringsinnspel, mellom anna om endring av lov om momskompensasjon og om endring av Kulturloven.

Generelt kulturpolitisk arbeid:

- FolkOrg arbeider for å få representantar frå folkemusikkmiljø inn i styre og utval der det er viktig å få fram vårt perspektiv, til dømes Fond for utøvande kunstnarar.
- Vi har vore aktivt med på møte i andre organisasjonar og nettverk som vi er med i, som til dømes Norsk musikkråd, Arrangørforum, Kulturalliansen, Frivillighet Norge, og Balansekunst.
- Vi har hatt møte med TONO fleire gonger gjennom 2024, og mellom anna hatt møte om ei eventuell medfinansiering av eit Fond for tradisjonsutøvarar.
- Dagleg leiar har vore i møte med administrasjonen i KUD for å sjå på løysingar for ei eventuell finansiering av eit fond for tradisjonsutøvarar via spelemidlane.
- Styremedlem i FolkOrg, Camilla Granlien, sit som styremedlem i TONO.

Kultur- og likestillingsminister, Lubna Jaffery, foretok den offisielle opninga av Landskappleiken 2024. Her i lag med styreleiar Hilde Reitan, fulgt av dagleg leiar Aslak Brimi og leiar av Landskappleiken 2024 Magne Øynebråten.

KAPPLEIKAR OG FESTIVALAR

FolkOrg bidreg med rådgjeving for lokalkappleikar gjennom heile året. FolkOrg har eit eige elektronisk kappleiksprogram som medlemar i FolkOrg kan få gratis tilgang til. Det har med åra vorte fleire og fleire lokale kappleikar som også nyttar dette programmet.

Under avviklinga av Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk samarbeider FolkOrg tett med lokal arrangør. FolkOrg har faste ansvarsområde og arbeider tettast inn mot tevling og informasjon. FolkOrg syter for at arrangementet blir dokumentert av dyktige fotografar og tilgjengeleggjort for alle interesserte via Flickr. FolkOrg ønskjer å vere lett tilgjengeleg for medlemar, og har stand på stemnekontoret gjennom heile arrangementet.

Landskappleiken - Gol 26.–30.juni

Landskappleiken vart gjennomført med Gol spel- og dansarlag som lokal arrangør. Sist gong det vart arrangert landskappleik i Gol, var i 1972.

Landskappleiken på Gol var eit godt gjennomført arrangement med rekordstor påmelding og med omlag 5000 besøkande. Kappleiksarenaen var kompakt, med tre ulike tevlingsarenaer i gangavstand til kvarandre.

Landskappleiken på Gol hadde 1797 deltakingar, med 1031 unike deltakarar fordelte på 551 startnummer.

I tillegg til tevlingane, som starta onsdag, vart det eit innhaldsrikt kulturprogram desse dagane. Onsdag kveld opna Kulturminister Lubna Jaffery arrangementet med ein påfølgande opningskonsert der vi fekk sjå ei stormønstring av lokale utøvarar.

Kappleiken hadde eit rikhaldig kulturprogram, med kveldskonsert kvar kveld, intimkonsertar i Gol Stavkyrkje, go'kartevling i sentrum, barneførestillinga Røveenka og sjokoladekappleik. I tillegg var det plateslepp med Astrid Garmo. Årets storsatsing var premiera på Rotneims-Knut.

NRK var godt representert på Landskappleiken på Gol, og tok opptak av all tevling. Tradisjon tru vart det allereie kappleiksundagen sendt opptak frå finalen laurdag kveld.

Laurdag kveld var det finale i Vokal A, Durspel og Hardingfele A. Kappleiken vart avslutta med meisterkonserten sundag. Kongepokalen vart i 2024 sett opp i klassa Vokal A. Vinnaren vart Synnøve Brøndbo Plassen frå Hedmark Folkemusikklag.

463 dugnadsfolk stilte opp, og mangfaldige dugnadstimar vart lagde ned for å gjennomføre arrangementet. Landskappleiken fekk eit rekordstort økonomisk overskot på 2 000 000 kr.

Gnistprisen og Gnistsamlinga

Gnistprisen og Gnistsamlinga under Landskappleiken er eit initiativ av Eva Fischer og EFH Holding. Prisen skal gå til eit lag som jobbar særs godt med både nivå og læringsmiljø for born og unge som dansar folkedans. Prisen på 15 000 kr gjekk til Gaular Spelemannslag.

Under Landskappleiken blir Gnistsamlinga arrangert , der ungdommar samlast til pizza og sosial dans. Det var god oppslutning om samlinga under Landskappleiken i 2024.

Nydeleg dans! Ulf Arne Johannesen, Margit Myhr og Ingunn Stræte dansa hallingspringar med to fylgje - og vann med dette Dans hardingfele kl. A.

Landsfestivalen i gammaldansmusikk - Vestnes 31. juli-4. august

Landsfestivalen i gammaldansmusikk vart arrangert i Vestnes, med Møre og Romsdal Folkemusikklag som lokal arrangør. Dette var fyrste gongen Landsfestivalen vart arrangert i Vestnes. Førre gong Landsfestivalen i gammaldansmusikk vart arrangert i Møre og Romsdal var i Ålesund i 1998, og førre landskappleik var i Molde i 1966.

Årets festivalarena var kompakt, med kort avstand mellom Vestneshallen, øvingsrom, stemnekontor og mattelt. Dansen på kveldane føregjekk i Vestneshallen og i matteltet.

Tevlingane starta torsdag. Landsfestivalen hadde eit variert kulturprogram, som føregjekk både på festivalarenaen og konsertlokale i nærleiken. Opningskonserten var lagt til torsdag ettermiddag og styreleiar i FolkOrg, Hilde Reitan, stod for den offisielle opninga.

Onsdag var det konsert med Viggo Valle, Arild Hoksnes og Odd Arne Halaas, torsdag var det opningskonsert med Honndalstausene, Kviven duo og Skram/Bjørdal. På fredag var det konsert med Bjørn Tomren med venner, samt plateslepp med Ein haile halve maone. Laurdag var det Historier og perler frå gammaldansens historie. Det var også arrangert aktivitetar og sjokoladefestival for dei yngre festivaldeltakarane. Kulturprogrammet var populært, med så godt som utselde konsertar kvar dag.

Super-junior vart gjennomført for tredje gong, med åtte deltakarar. Nytt av året, var at deltakarane konkurrerte innan kvar enkelt klasse (trekkspel, durspel og fele/hardingfele), men med ei felles Superjuniorfinale. Denne dalande oppslutninga om juniorklassane på Landsfestivalen er bekymringsfull, og er noko styret og administrasjonen skal arbeide med dei neste åra.

Festivalen vart i tradisjon tru avslutta med meisterkonserten sundag.

220 dugnadsfolk stilte opp, i tillegg til hovudnemnda, og fleirfaldige dugnadstimar vart lagde ned for å gjennomføre arrangementet. Landsfestivalen fekk eit rekordstort økonomisk overskot på 1 080 932 kr.

Bilete frå Landsfestvialen i gammaldansmusikk på Vestnes.Oppe f.v: Simen F. Håland, Marius Westling og Thomas Nilssen, Leif Inge Schjølberg, og Vegard Kvestad. Under f.v. Valdres toradergrumme og Naustedalen spelemannslag si dansegruppe.

Folkelarm 14.–17. november

Folkelarm er nordens største bransjetreff for folkemusikk og folkedans. Arrangementet er bygd kring showcase-konsertar på kveldane og seminar på dagtid. I tillegg til showcase-konsertar var det ei akustisk scene i lavvoen der alle artistar fekk moglegheit til å spele. I tillegg programmerte vi dansespel i ein sal torsdag, og i to salar fredag og laurdag.

I 2024 var det 22 norske og nordiske artistar som vart plukka ut. Showcasejuryen var Kajsa Balto, Birger Mistereggen og Frank Henrik Rolland.

Folkelarm 2024 er andre år på rad der ein står på eigne bein utan Oslokappleiken som samspelar. I 2024 vart Folkelarm utvida med ein ekstra dag med FolkelarmUng på sundagen. Utdeling av Folkelarmprisen vart flytt til laurdag med Tuva Syvertsen og Sivert Holmen som programleiarar, fleire nye prisar, ballongar og rosa løpar. Både dei nye prisane og programleiargrepet fekk positiv mottaking. Introfolkfinalen markerte opninga torsdag og direktør i Music Norway, Tone Østerdal stod for opninga.

FolkOrg fekk tilskot frå Music Norway til eit internasjonalt delegatprogram. Saman kunne vi invitere og dekke kostnadene for 23 internasjonale delegatar. I tillegg kom det fleire på eige initiativ og etter invitasjonar frå oss. Vi hadde besøk av delegatar frå Sverige, Danmark, Tyskland, Polen, Storbritannia, Frankrike, Finland, Spania, Portugal, Irland, USA og Noreg.

Folkelarm inneheldt ei rekkje seminar for utøvarar, arrangørane og dei internasjonale delegatane. Laurdagen la vi vekt på å lage eit program som vart attraktivt for lokallaga, til dømes rekrutteringsseminar, instrumentutstilling samt Marked&Musikk. Fleire organisasjonar tok kontakt i 2024 for å legge sine seminar og møteplassar parallelt med Folkelarm. Dessutan la vi til rette for møteplassar mellom utøvarar og delegatar på Folkelarm. Seminarprogrammet har aldri vore så stort, og vi samarbeider med til dømes NMH, Norsk Folkemusikklag, MØST, NKA, Creo, Nopa, TONO, SFF, NU og Global North Network.

I 2024 var Skottland som gjesteland, og med det to skotske artistar som hadde showcase. Vi hadde òg eit samarbeid med Global North Network der 3 internasjonale tradisjonsmusikarar med tilhald i Norden fekk showcase under Folkelarm

Folkelarm er eitt av fleire ansvarsområde FolkOrg har, og er noko av det organisasjonen får driftstilskot til å gjennomføre. Årets Folkelarm vart eit stort og innhaldsrikt arrangement. Det var mange som ønskte å samarbeide om seminar og fagleg innhald, og det var også showcaseprogramsamarbeid både med Global North og Showcase Scotland Expo. Avtala med sistnemnde vart gjort for fire år sidan, og gav oss diverre ein del meirutgifter på årets arrangement som var vanskelege å spå. I tillegg vart det i løpet av året bestemt at folkelarmprisutdelinga både skulle profesjonaliserast, utvidast og flyttast til laurdagen. Dette gav ein del meirutgifter i forhold til det vi hadde budsjettert med. Dette, ilag med at årets seminarprogram vart såpass utvida, gjorde at det totalt vart eit overforbruk på litt over 100 000 kr på årets Folkelarm-arrangement.

Folkelarmprisen laurdag 16. november

Folkelarmprisane vart delte ut i kategoriane dokumentasjon, solo, samspel, dansespel og open klasse som før, i tillegg til Årets folkemusikar. Nye priser i 2024 var Årets bransjeaktør og Årets produksjon, samt at Årets folkemusikkfotografi blei endra til Året visuelle uttrykk. Årets folkemusikar vart Tuva Livsdatter Syvertsen. Prisane Årets folkemusikkarrangør og Årets Unge folkemusikkartist (vinnar av Introfolk) vart òg delte ut under prisutdelinga. Folkelarmprisjuryen i 2024 var Mads Erik Odde, Åse Teigland, Steinar Ofsdal og Ulf-Arne Johannessen.

Øverst frå venstre: Veronica Akselsen; Jo Asgeir Lie; Olav Norheim. Midt på frå høgre: Rannveig Øygardslia (produsent for vinnarforestillinga til Ådne Kolbjørnshus); Statuetten designet av Trygve Barstad er tilbake; Vegar og Mette Vårdal. Nede frå venstre: Alexander Aga Røynstrand; Solfrid Gjeldokk og Espen Wensaas. Oversikt over alle kategorier og vinnarar ligg som vedlegg bak i meldinga.

INFORMASJONSARBEID

I FolkOrg arbeider vi breitt med informasjons- og kommunikasjonsarbeidet, og alle tilsette bidreg med innhald frå sine ansvarsområde til informasjonsarbeidet vårt. Tilsette i FolkOrg gjer det meste av grafisk utforming sjølve og nyttar ulike trykkeri ved produksjon av det materialet vi lagar. Vi har nokre innleigde fotografar til dei store arrangementa våre, men gjer òg mykje foto- og filmjobb sjølve.

I tillegg til informasjonsarbeid for organisasjonen generelt, har vi også informasjonsansvaret for dei arrangementa vi eig. Dette er Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm.

Vi nytta fleire ulike kommunikasjonskanalar i informasjonsarbeidet vårt også for 2024.

Digitale plattformer

Vi har vore jamt synlege i sosiale medium heile meldingsåret, med opptrapping av innhald inn mot arrangementa våre som Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm. Vi freistar òg å spreie gode innlegg frå andre innan sjangeren vår og stø opp om innlegg frå andre. Vi har mange ulike kontoar i sosiale medium, både for FolkOrg som organisasjon, men òg for arrangementa våre særskilt.

FolkOrg si side på Facebook har 5500 følgjarar, og Instagram-kontoen har 2273 følgjarar per 2024. Vi har òg ein konto på Snapchat med 2675 følgjarar, som heiter «Folkemusikk Norge». Snapchatkontoen blir nytta på ulike små og store arrangement over heile landet, og målet er å vise ulik folkemusikk- og folkedansaktivitet rundt omkring. Snapchatkontoen vart mykje brukt i 2024, og talet på dei som ser snappane som blir sende, veks stadig.

Vi har Facebook- og Instagramkontoar for magasinet Folkemusikk, Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm. Vi samarbeider med lokal arrangør det gjeldande året om å oppdatere kontoane for Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk.

I meldingsåret er det sendt ut seks medlemsbrev med fyldig informasjon om stort og smått til alle medlemar i organisasjonen.

Den offisielle nettstaden vår har vore under utvikling ei tid no, i meldingsåret vart vår leverandør, CustomPublish, selt til firmaet Sitevision. I løpet av våren 2025 vil nye nettsider for både FolkOrg og magasinet Folkemusikk vere på plass på den nye plattforma med heilt nye nettsider.

FolkOrg eig og driftar fleire nettressursar. Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm har alle eigne nettstader som FolkOrg har ansvar for drift, vedlikehald og utvikling av. I tillegg har vi nettstadene www.folkarr.no og www.folkartist.no. Følgnade nettsider er det FolkOrg som eig og driftar:

- www.folkorg.no
- www.folkemusikk.no
- www.landskappleiken.no
- www.landsfestivalen.no
- www.folkelarm.no
- www.folkartist.no
- www.folkarr.no

BLADET FOLKEMUSIKK

Det er FolkOrg, organisasjon for folkemusikk og folkedans, som eig og gjev ut magasinet Folkemusikk. Redaktøren arbeider etter Ver Varsam-plakaten og Redaktørplakaten. Magasinet er medlem av Norsk tidsskriftforening og Fagpressen.

Redaksjonell profil

Bladet Folkemusikk er i dag det einaste riksdekkande folkemusikk- og folkedansmagasinet i Noreg. Magasinet er ein viktig premissgjevar for formidlinga av folkemusikk og folkedans, både innanfor folkemusikkmiljøet og overfor andre miljø.

Kjellbjørn Karsrud har vore redaktør sidan august 2024. Våren 2024 hadde Jostein Aardal redaktøransvaret ilag med Audun Stokke Hole. Stokke Hole slutta 31. juli, mens Aardal var med til og med september 2024. Johanne Flottorp er tilsett som journalist i bladet. Flottorp hadde permisjon frå juni til januar 2025. Redaktøren har heimekontor i Lom, mens Flottorp har heimekontor i Bø. Det redaksjonelle språket er nynorsk, og tekstar i bladet er i båe målformer. 90 % av stoffet var i 2024 på nynorsk

Satsingar og redaksjon

2024 har vore eit år med stor aktivitet på folkemusikk.no. På nettsida vart det i 2024 publisert 152 enkeltsaker, opp frå 95 året før. Også papirmagasinet Folkemusikk har auka i omfang hausten 2024 etter å ha vore kutta ned dei siste to åra.

I store delar av 2024 har det vore tre personar i redaksjonen, mens det dei tre siste månadane var éin. Med det har magasinet hatt ein redaksjon på ein annan måte enn tidlegare, samtidig som vi ikkje lenger har eit redaksjonsråd. I 2025 kjem vi til å vere to personar i redaksjonen, men redaktøren har 40 % farspermisjon mesteparten av året.

Distribusjon og økonomi

Folkemusikk er i all hovudsak eit abonnementsblad. Ved utgangen av 2024 har magasinet 1135 abonnentar. Av abonnentane var 276 registrerte som gratisabonnentar og 640 som medlemar av FolkOrg. Nettbutikken til Tekstallmenningen tek seg av alt laussalet av Folkemusikk.

Folkemusikk var i 2024 del av Kulturrådet si støtteordning for tidsskrift og kritikk, og magasinet fekk kr 370 000 gjennom ordninga.

Driftsinntektene til Folkemusikk var i 2024 på 947 000 kroner utanom tilskot frå FolkOrg. Av desse kom 370 000 frå Kulturrådet, 345 000 frå abonnement og 181 000 eks. mva frå annonsesal netto etter at provisjon til annonseseljar er betalt (annonsesalet i rekneskapen for 2024 er for 3 av 4 blad, så vil i realiteten ligge på 215 000 kr).
Frå FolkOrg si side vart det brukt 582 000 kr av driftstilskotet, noko som er ca. 40 000 mindre enn budsjettert.

Bladet Folkemusikk har i 2024 samarbeidd med Edda Presse på annonsesal til og trykk av magasinet, og søsterselskapa Edda Grafisk på formgiving og Best Distribusjon på utsending av papirmagasin. Vi har hatt laussal gjennom Tekstallmenningen.

folkemusikk.no

Redaktøren for Folkemusikk oppdaterer også nettstaden folkemusikk.no. Nettsakene har alt frå 200 til 10 000 lesarar avhengig av i kva grad dei blir spreidde i sosiale medium. Sidan februar i fjor har folkemusikk.no lege på ein mellombels plattform i påvente av at den nye nettleverandøren Custom Publish vart kjøpt av svenske SiteVision. Nye nettsider vil etter planane vere klare i løpet av våren 2025.

I 2024 fekk Folkemusikk ny redaktør, valdrisen og hardingfelespelar Kjellbjørn Karsrud. Han er aktiv på mange frontar, mellom anna i Spelemannslaget for fremjing av møsegrodde låttar - som vann lagspel under Landskappleiken på Gol.

Sosiale medium

Redaktøren oppdaterer også Facebook-sida til Folkemusikk. Den vanlegaste oppdateringa er når det er kome ein ny artikkel til folkemusikk.no. Vi legg også ut kunngjeringar og enkelte andre folkemusikk- og dansenyhende. Ved utgangen av 2024 er det ganske nøyaktig 7350 personar som følger Facebook-sida til folkemusikk.no, ein auke på 324 frå året før.

Folkemusikk si Facebook-side har hatt 19 262 lenkeklikk i 2024, opp med 333% frå 2023. Profilen hadde 11 187 besøk, 82% opp samanlikna med året før. Rekkevidda var 149 272, opp 192,8%.

Facebook-postane våre som nådde flest personar i 2024:

- Alexander Røynstrand sin Røstad-feleaksjon (22. jan., rekkjevidde 28 800)
- Martin Myhr sin dansekronikk (13. des., rekkjevidde 15 000)
- Minneord for Trygve Vågen (25. Des, rekkjevidde 14 700)
- Minneord for Ingar Ranheim (2. Mai 2024, rekkjevidde 13 000)
- Sak frå folkedansstudie i Rauland (12. Des 2024, rekkjevidde 12 900)

Facebook-postane våre som fekk flest reaksjonar i 2024:

- Alexander Røynstrand sin Røstad-feleaksjon (508 reaksjonar)
- Martin Myhr sin dansekronikk (325 reaksjonar)
- Ingar Ranheim minneord (258 reaksjonar)
- Harald Knutsen får utnemning (231 reaksjonar)
- Tuva Syvertsen årets folkemusikar (200 reaksjonar)

Facebook-postane våre med flest delingar i 2024:

- Martin Myhr sin dansekronikk (30 delingar)
- Til minne om Agnes Buen Garnås (22 delingar)
- Kartellet village party (10 delingar)
- Kurshelg i barnelaget i Oslo (10 delingar)
- FolkOrg på utkikk etter arrangørar av LK og LF (9 delingar)

VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Måla som er sette i langtidsplanen til FolkOrg er målsettingar som er langsiktige, og som ikkje er av ein slik art at vi kan seie at dei er nådd. I følgjande kapittel gjer vi likevel eit forsøk på å finne objektive målemetodar, samstundes som dei gjev oss informasjon som er av verdi for vidare arbeid i åra framover.

FOLKEMUSIKK- OG DANSETRADISJONANE I NOREG SKAL STÅ STERKT

Indikatorar på oppnåing av målet:

- Det skal vere attraktivt å utøve, formidle og undervise i folkemusikk og -dans.
- Det skal vere attraktivt å arrangere kappleikar, kurs, konsertar og dansefestar.
- Det skal vere attraktivt å delta på arrangement og kappleikar.

Målemetodar

Deltaking på Landsfestivalen i gammaldansmusikk og økonomisk resultat:

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2022	2023	2024
Deltakingar	432	920	886	709	979	949	1120	1095	1043
Innslag	94	177	169	129	186	172	227	213	196
Økonomisk resultat (1000 kr)	3	1 129	950	669	758	400	817	491	1 080

Med «innslag» meiner vi faktisk antal ulike og einskilde innslag i løpet av arrangementet.

Deltaking på Landskappleiken og økonomisk resultat:

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2022	2023	2024
Deltakingar	1416	1423	1460	1299	1542	1596	1200	1500	1797
Innslag	471	470	457	446	453	532	471	472	551
Økonomisk resultat (1000kr)	451	309	1 350	420	162	850	-27	316	2 000

Med «innslag» meiner vi faktisk antal ulike og einskilde innslag i løpet av arrangementet.

Tal på lokal- og fylkeskappleikar:



Tal på studietimar og tilskot til lokallag i FolkOrg gjennom Musikkens studieforbund

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Studietimar	5638	5577	6247	5877	5962	6113	4079	3769	6409	6765	7403
Tilskot (1000 kr)	538	531	585	569	570	638	665	595	649	780	902

Frifond organisasjon: Tal på søknader frå våre lag og total sum til utdeling

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Tal på søknader	34	41	37	22	33	20	19	23	28	27	31
Tal på innvilga søknader	31	38	30	20	26	19	18	22	23	22	27
Tilsegns-sum (1000 kr)	347	450	544	536	540	541	545	576	576	616	713

Momskompensasjon - søknader frå lokallaga i FolkOrg:

FolkOrg sitt Aktivitetstilskot:

Økonomisk ramme for FolkOrgs Aktivitetstilskot er 200 000 kr. Rekrutteringsstøtteordninga som var frå 2015–22, vart frå 2023 implementert i aktivitetstilskot-ordninga.

Rekrutteringsprosjekt Dextra Musica:

Billettsal Folkelarm:

2016	2017	2018	2019	2021	2022	2023	2024
612 billettar totalt	398 billettar totalt	616 billettar totalt	538 billettar totalt	300 billettar totalt	397 billettar totalt	217 billettar totalt	416 billettar totalt
3d.pass: 33	3d.pass: 17	3d.pass: 24	3d.pass: 19	3d.pass: 50	3d.pass: 40	3d.pass: 46	Delegatpass: 85 Festivalpass 23
Fredag Dagspass: 122 Todagarspass: 79	**Fredag** Dagspass: 74 Todagarspass: 34	**Fredag** Dagspass: 84 Todagarspass: 78	**Fredag** Dagspass: 100 Todagarspass: 62	**Fredag** Dagspass: 71 Todagarspass: 38	**Fredag** Dagspass: 122 Todagarspass: 3	**Fredag** Dagspass: 86 *	**Torsdag** Dagspass: 43 **Fredag** Dagspass: 100 Seminar: 5 Dansefest: 23*
Laurdag Dagspass: 158	**Laurdag** Dagspass: 130	**Laurdag** Dagspass: 216	**Laurdag** Dagspass: 156	**Laurdag** Dagspass: 119	**Laurdag** Dagspass: 109	**Laurdag** Dagspass: 82	**Laurdag** Dagspass: 88 Dansefest: 49

Frå 2023 til 2024 vart det gjort om på billettsystemet på grunn av fullverdig program også torsdag. Delegatpass er ein kategori der ein får tilgang til både dag- og kveldsprogram (tilsvarende tredagerspass som var tidlegare). Festivalpass er ein kategori som gjev tilgang til kveldsprogrammet alle tre kveldane. Dagspass vil si tilgang på kveldsprogrammet den eine dagen. Dansefestkategorien ga tilgang til danseshowcasene og dansefest, men ikkje til konsertane.

Besøkstal Folkelarm:

2022	2023	2024
3156	3729	4814

Med besøkstal meinast sum av telt publikum på alle konsertane og seminar, slik besøkstal generelt vert rekna på musikkfetivalar..

Søkjarar IntroFolk:

2012	2014/15	2017/18	2020	2022	2024
15	11	10	9	13	13

I februar 2024 gjorde administrasjonen ei undersøking blant dei av våre medlemmer som er registrert som yrkesutøvarar. Det kom inn 146 svar. Frå undersøkinga kan ein få eit bilete av kor stor del av inntekta som kjem i får arbeid med folkemusikk og folkedans for dei som ser på seg som yrkesutøvarar. Vi var og ute etter å avdekke korleis arbeidet var utført og i kor stor grad profesjonelle aktørar blir brukt.

Av inntekta di i løpet av eit år, i kor stor grad er arbeidet innanfor/med folkemusikk og/eller folkedans inntektskjelda?



Korleis arbeider du med promotering av deg og dine prosjekt?



Om du har oppdrag i form av konsertar, førestillingar, osb., korleis får du desse oppdraga? Du kan krysse av for fleire alternativ:



Oppsummert for målet «Folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg skal stå sterkt»

Som oppsummering for målet om at «Folkemusikk- og dansetradisjonane i Noreg skal stå sterkt» ser vi at tala viser at vi er på veg opp mot før-pandemi-nivå. Talet på lokalkappleikar og arrangement rundt om i lokallaga er på god veg opp. Talet på søknader til Frifond Organisasjon og Dextra Musica er gode og syner bra aktivitet. Mengden søknader om momskompensasjon og Aktivitetstilskot er rekordhøge.

Når vi ser på utviklinga av talet på studietimar, så er det ein auke på 9,4 % frå 2023.

Tala i undersøkinga innanfor gruppa yrkesutøvarar har vi ikkje samanliknbare tal på, men vonar vi skal få gjort tilsvarande undersøking i 2026.

FolkOrg har i 2024 følgt opp arbeidet med å leggje til rette for at miljøet blir opplevd som trygt og inkluderande. Sjå meir under særskilde satsingar.

FOLKEMUSIKKEN OG -DANSEN I NOREG ER KJEND OG SYNLEG NASJONALT OG INTERNASJONALT

Indikatorar på oppnåing av målet:

- Auka interesse for og kunnskap om folkemusikk og -dans
- Auka omtale og bruk av folkemusikk og -dans

Målemetodar

Tal på abonnentar bladet Folkemusikk:



Folkemusikk var ein del av innkjøpsordninga for bibliotek fram til og med 2019. Ordninga vart avvikla frå 2020. Det førte til ein nedgang på 411 abonnement.

Kvalitative vurderingar:

- I 2024 var Noreg partnarland på Showcase Scotland, den viktigaste showcase-festivalen for folkemusikkfeltet i Europa. Dei seks artistane som vart valde ut til å delta fekk både spelt showcasekonsert for 170 internasjonale delegatar og spele konsert på Celtic Connection, Europas største festival for roots- og folkemusikk. Dei seks artistane var Alexander Aga Røynstrand, Ævestaden, Julie Alapnes, Erlend Viken Trio, Gangar og Gabba.
- Alle artistane som deltok på Showcase Scotland fekk tilbod om å spele på Cambrigde Folk Music Festival. Reisestøtte fra Music Norway og tilskott frå Den norske ambassade i London fekk Julie Alapnes, Erlend Viken Trio, Alexander Aga Røynstrand og Ævestaden. Gabba og Gangar får ei ny moglegheit i 2025.
- Showcase Scotland bidrog til booking for alle dei seks artistane og til økt synleggjering.
- FolkOrg deltok på Womex saman med Music Norway i Manchester der den samisk-norsk artisten Katarina Barruk hadde eit vellukka offisiell showcase.
- FolkOrg var til stades på Nordic Folk Alliance i Roskilde, der prosjektleiar for Folkelarm deltok i eit seminar og satt i showcasejuryen.
- FolkOrg er medstiftar av European Folk Network og var tilstades på den årlege konferansen som i 2024 vart arrangert i Kaustinen, Finland. Prosjektleiar for Folkelarm sit i styret og deltok aktivt i gjennomføringa av konferansen.

FOLKORG ER EIN VIKTIG RESSURS PÅ FOLKEMUSIKK- OG FOLKEDANSFELTET

Indikatorar på oppnåing av målet:

- Vi skal nytte og synleggjere kompetansen og erfaringa til medlemmene
- Det skal vere attraktivt å vere medlem i FolkOrg.
- FolkOrg skal vere ein tydeleg og synleg kulturpolitisk aktør
- FolkOrg skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar.

Målemetodar

Tal på medlemmer i FolkOrg:

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Barn/unge	553	588	592	604	640	623	628	561	503	519	555	651
Yrkesutøvarar	120	114	116	158	173	200	196	206	242	262	296	328
Lokallag	143	141	144	143	144	143	144	149	150	151	150	153
Områdelag	11	11	11	10	10	10	10	10	10	10	10	10
Arrangørmedlemar	-	-	-	-	-	-	-	3	5	6	11	12

Med barn og unge meinast her medlemmer under 18 år.

Kvalitative vurderingar:

- FolkOrg har levert høyringsinnspel og delteke i ulike høyrings- og innspelsmøte som departementa og Stortinget har arrangert. Både familie- og kulturkomiteen og politisk leiing i Kulturdepartementet er godt kjende med FolkOrg.
- Vi er med i ei rekkje samarbeidsforum og samarbeidsprosjekt både innanfor og utanfor folkemusikkmiljøet.
- Vi var medarrangør for debatt under Arendalsuka i samarbeid med dei andre organisasjonane i Arrangørforum.
- Saman med Arrangørforum arrangerte vi debatt om statsbudsjettet på Youngs, med kulturministeren som ein av deltakarane. Andre deltakarar var Tage Pettersen (H), Åslaug Sem-Jacobsen (Sp), Kathy Lie (Sv) og Emma Lind (V)
- FolkOrg har vore aktiv deltakar på ei rekkje møte, seminar og debattar gjennom året.
- Gjort eit stort arbeid med å kome med innspel til utvalet som arbeider med ein NOU på musikkfeltet.

SÆRSKILDE SATSINGAR FOR PERIODEN 2023–2025

LAG OG MEDLEMAR	INFORMASJON / FORMIDLING / DOKUMENTASJON
• Dextrasatsinga: Følgje opp og vidareutvikle rekrutteringsprosjektet. • Følgje opp og vidareutvikle prosjektet "FolkLeiarUng" • Stimulere til auka aktivitet gjennom rådgjeving og ny tilskotsordning. • Arbeide for at folkemusikk- og folkedansmiljøet skal vere trygt og inkluderande for alle. • Fullføre arbeidet med ei ressursside for tillitsvalde, utøvarar og arrangørar	• Gjennomføre 100-årsjubileet for FolkOrg/ Landslaget for Spelemenn. • Vidareutvikle informasjonsstrategien for internt og eksternt informasjonsarbeid. • Forbetre dei digitale publiseringskanalane våre. • Skape større medvit kring og kompetanse om folkemusikk og folkedans i samfunnet.
FOLKEDANS	**UTØVARAR OG ARRANGØRAR**
• Samarbeide med laga om å styrke folkedansen og auke talet på dansearrangement. • Stø opp om arbeidet i laga med å rekruttere og lære opp danseinstruktørar. • Stø opp om realiseringa av bachelorstudiet i folkedans ved Universitetet i Søraust-Noreg og ei landsline i folkedans på Vinstra vidaregåande skule. • Arbeide for ei forståing og praktisering av dansen som ein levande og grunnleggande musikalsk tradisjon	• Skape faste møteplassar for utøvarane. • Marknadsføre portalen folkartist.no, halde han aktuell og oppdatert, og evaluere ordninga etter 2025. • Arbeide for ei meir rettvis TONO-ordning for folkemusikksjangeren, og jobbe for alternative godtgjersleordningar til utøvarar av tradisjonsmusikk. • Vere pådrivar for å formalisere arbeidstilhøva for instruktørar. • Arbeide for saker som er viktige for yrkesutøvarane og samarbeide med andre aktørar der det er naturleg.
KULTURPOLITISK ARBEID	
• Arbeide for gode regionale strukturar og ordningar innanfor folkemusikk- og folkedansfeltet og slik styrke rammevilkåra for lag, artistar, arrangørar og arkiv. • Stø opp om arbeidet for å få på plass digitale publiseringsverktøy for arkiva. • Støtte opp om arbeidet med å få oppdaterte læreverk for sjangeren. • Vere pådrivar for å styrke internasjonal kulturutveksling og satsing på eksport av norsk kultur.	

RAPPORTERING PÅ DEI SÆRSKILDE SATSINGANE

Lag og medlemar

Dextrasatsinga: Følgje opp og vidareutvikle rekrutteringsprosjektet.

FolkOrg har sidan 2017 fordelt rekrutteringsmidlar til større prosjekt innan folkemusikk og folkedans - ei ordning som er finansiert av Dextra Musica. I 2024 fordelte FolkOrg midlar til 16 ulike rekrutteringsprosjekt fordelte over store delar av landet. Stønaden frå Dextra Musica vart i 2023 vidareført med heile 4,9 millionar for i perioden 2024–2026. Denne treårige tildelinga gjer at organisasjonen kan stø opp om dei allereie eksisterande prosjekta, og gje nye prosjekt eit føreseieleg grunnlag for langsiktig arbeid. Desse midlane skal gå både til ulike typar rekrutteringsprosjekt og brukast til FolkOrg sitt eige prosjekt FolkLeiarUng.

FolkOrg inviterer årleg til to seminar om rekruttering. 17. april vart det arrangert digital lokallagskaffi, med fokus på rekruttering. Gro Vetås frå Bergen UL Ervingen fortalde om rekrutteringsarbeid og rekrutteringsprosjekt i laget. Her vart det samtaler, idémyldringar og diskusjonar der problemstillingar, erfaringar og tankar kring rekrutteringsarbeid kunne delast. Målet med seminaret var å inspirere deltakarane og dele nyttige erfaringar.

Under Folkelarm i november vart det arrangert fysisk rekrutteringsseminar. Her var det presentasjonar frå tre ulike prosjekt som fekk rekrutteringsmidlar frå Dextra Musica i 2024. Prosjekta var Dansespor i Sogn og Fjordane, FolkRekrutt Røros og Dansefolk i Bergen UL Ervingen. Seminaret hadde god oppslutning, både av representantar frå dei ulike rekrutteringsprosjekta og av andre som arbeider for, eller er interesserte i rekruttering innanfor folkemusikk og folkedans. Under Folkelarm vart det også lansert tre filmar, produsert av Anders Lillebo, om tre utvalgte Dextra-prosjekt.

Følgje opp og vidareutvikle prosjektet FolkLeiarUng

Prosjektet starta opp hausten 2021. Det rettar seg mot folkemusikarar i alderen 15–23 år som ønskjer å utforske rolla som musikalsk leiar. Prosjektet tek sikte på å gje deltakarane fagleg og musikalsk utvikling over to samlingshelgar i året, der musikalsk leiing står i fokus. Instruktørane er Vegar Vårdal og Kristoffer Kleiveland. Prosjektet er òg meint å vere eit bidrag til laga og klubbane ved at dei eldre ungdommane får eit tilbod som kan auke motivasjonen til å halde fram med spelinga og lagsaktiviteten. Instruktørane følgjer opp både deltakarar og dei tilhøyrande spelemannslaga og trekkspelklubbane mellom samlingane.

I prosjektåret 2023/2024 var det med sju deltakarar frå sju ulike spelemannslag og trekkspelklubbar, fordelte på instrumenta vokal, fele, hardingfele, og toradar.

Nytt for tildelinga i 2024–2026 var at FolkLeiarUng vart utvida med eit tilsvarande prosjekt for folkedansarar frå hausten 2024. Anna Gjendem og Ina Maria Cyrus er instruktørar på dans. I prosjektåret 2024/2025 er det med 15 deltakarar, fem på musikk og 10 på dans. Deltakarane kjem frå ni ulike lag frå Bodø i nord til Kristiansand i sør. Deltakarane på musikk var fordelte på instrumenta fele og klarinett.

FolkLeiarUng-gjengen våren 2024. F.v.: Malin Røysland Skårberg, Siri Nordgård, Kristoffer Kleiveland (instruktør), Robin Morken, Oda Ovidt Bardal, Silja Lid Strysse, Solveig Eide Grønningsæter og Vegar Vårdal (instruktør).

Stimulere til auka aktivitet gjennom rådgjeving og ny tilskotsordning
Aktivitetstilskot er ei tilskotsordning oppretta av FolkOrg i 2021, der hovudmålet var å stimulere til lokal aktivitet i heile landet og oppmode medlemar og lag til å søkje om tilskot til både små og store aktivitetar. I 2023 vart FolkOrg si rekrutteringsstøtte slått saman med aktivitetstilskotet, slik at det no er ei felles ordning for medlemane våre. Den totale potten er på 200 000 kroner med søknadsfrist i april. Det blir kontinuerleg sendt ut informasjon om aktuelle saker, hendingar og søknadsfristar til lokallag og områdelag i form av e-post, innlegg på Facebook og artiklar på heimesida. Vi opplever også stor pågang og interesse frå medlemane.

FolkOrg ønskjer å skape eit tettare samarbeid og dialog mellom sentralleddet og lokallaga med mellom anna den digitale lokallagskaffien. Dette har vore ein møtestad mellom lokallaga og administrasjonen i FolkOrg, der vi informerer medlemane våre om nyhende og relevant informasjon, og der lokallaga kan utveksle erfaringar, stille spørsmål og informere om sin aktivitet. Det var åtte digitale lokallagskaffiar i 2024.

Arbeide for at folkemusikk- og folkedansmiljøet skal vere trygt og inkluderande for alle
FolkOrg er medlem i Balansekunst, ei medlemsforeining for kulturverksemder som jobbar for eit likestilt og mangfaldig kulturliv. FolkOrg oppnådde Balansemerket november 2021, ei merkeordning mot seksuell trakassering og diskriminering i kulturlivet. Balansemerket blir tildelt for to år om gongen, og vi er no inne i vår andre periode.

Målet med dette arbeidet er at folkemusikk- og folkedansmiljøet skal opplevast som trygt og inkluderande for alle. Eit eksempel på tiltak vi har sett i gang, er kravet til lokale arrangørar av Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk om at hovudnemndene må ta eit todelt kurs frå Balansemerket: eit individuelt nettkurs og eit fysisk kurs leia av Balansekunst. Målet med kursa er å setje temaet på dagsordenen og kome fram til ulike tiltak som kan gjere at arrangementet blir opplevd som endå tryggare for alle. I etterkant av arrangementa blir tiltaka evaluerte og eventuelt vidareførte til neste års arrangør. Framover vil vi også arbeide meir med mangfaldsbevisst rekruttering, samt jobbe for å få lokallaga til å setje temaet på dagsordenen.

Utarbeide ei ressursside for tillitsvalde, utøvarar og arrangørar
Vi har no i fleire år arbeidd med å utvikle nettstadene våre i FolkOrg og har fått til mykje av det som har vore planlagt. Etter kvart har vi sett at dei ønskja og behova vi såg i starten har endra seg noko over tid. Vi får nye leverandørar av nettsider no i 2025, noko som har ført til utfordringar i 2024, men nye moglegheiter i 2025. Den nye leverandøren har fleire moglegheiter for å lage gode og oversiktlege ressurssider, og vi har difor valt å vente med å arbeide meir med dette til vi er på plass på den nye plattforma i 2025.

Informasjon/formidling/dokumentasjon

Gjennomføre 100-årsjubileet for FolkOrg/ Landslaget for Spelemenn
Gjennom heile 2023 var det markeringar og arrangement knytt til FolkOrg sitt 100-årsjubileum. Det vart gjort mykje for å få både lokal, regional og nasjonal merksemd, og det vart generelt bra mediedekning. Meir om feiringsåret i årsmeldinga for 2023.

Vidareutvikle informasjonsstrategien for internt og eksternt informasjonsarbeid
Informasjonsstrategien er ein del av omstillingsarbeidet for både nettsider, sosiale medium og anna informasjonsarbeid i FolkOrg. Vi arbeider kontinuerleg med strategiutvikling i samband med dette, og har arbeidd med ei strategi-skisse som vart ferdigstilt i 2024. Dette er eit levande dokument til intern bruk som vil endre seg over tid.

Forbetre dei digitale publiseringskanalane våre
I samband med 100-årsjubileet arbeidde vi med å lage ein arrangementskalender for å kunne syne alt som skjer i landet, samla på éin plass. Kalenderen vart ferdigstilt i 2023. Vi har vidareført kalenderen i meldingsåret som ein fast informasjonskanal for

heile folkemusikkfeltet, noko som var populært slik at vi tek sikte på at dette er ein fast kommunikasjonsplattform for å syne alt det gode som skjer i heile landet. Arbeidet med å fornye nettsidene til FolkOrg og Folkemusikk vart litt sett på vent i 2024 grunna det som er nemnt tidlegare i årsmeldinga: vi mista leverandør og måtte byte.

Skape større medvit kring og kompetanse om folkemusikk og folkedans i samfunnet
FolkOrg arbeider jamt og trutt med mange samarbeidspartnarar om å få ut informasjon om folkemusikk og folkedans. Våre viktigaste formidlarar er lokallaga våre og eldsjelene som driftar desse. Samtidig er dei yrkesaktive og engasjerte tradisjonsutøvarane også viktige leiestjerner for å nå ut til folk generelt. FolkOrg stiller på innspel- og høyringsrunder inn mot politikarar, og er arrangørar av debattar og seminar om folkemusikk og folkedans på ulike arenaer som Arendalsuka og Kulturytring. På denne måten set vi folkemusikk og folkedans på dagsorden. Ei viktig rolle FolkOrg har er også å ha god dialog og oppfølging av NRK, og arbeide for at dei set folkemusikk og folkedans i fokus. FolkOrg har årlege møte både med musikksjefen i NRK og folkemusikkredaksjonen.

Folkedans

Arbeidsfeltet folkedans omfattar m.a. deltaking i samrådingsmøte for folkedans, i lag med mellom andre Noregs Ungdomslag (NU), Norsk senter for folkemusikk og folkedans (Sff), Riksscenen og dei ulike dansekompania og utdanningsinstitusjonane. Hovudmålet til samrådingsmøta har dei siste åra vore å realisere folkedansutdanning ved USN avdeling Rauland.

På Folkelarm samarbeidde FolkOrg med NU og Sff om å arrangere seminaret “Folkedans på resept!”. Seminaret tok for seg tematikken kring kva for potensiale og nye jobbmoglegheiter som finst for folkedansarar og -musikarar i førebyggande arbeid og behandling av psykisk uhelse. Seminaret starta med ein presentasjon av det danske prosjektet "Fod på gulv" ved Gerda Hempel frå Tempi. Tempi har gjennomført to grundige studiar på det sosiale og helsefremmande aspektet ved folkedans i to brukargrupper. Vi fekk presentert praksisnær forsking etterfølgt av ei panelsamtale leia av Tone Erlien Myrvold ved Sff. Dei andre paneldeltakarane var Else Myhr (utøvande folkemusikar og folkedansar med vidareutdanning i musikkbasert miljøbehandling ved Nord Universitet. Dirigent, eldsjel, musikklærar og lærar i kulturskulen), Marit Stranden (dagleg leiar for Nasjonalt kompetansesenter for kultur, helse og omsorg) og Solveig Korum (Kulturdirektoratet; jobbar med berekraftsperspektivet i kultursektoren, kulturell og sosial bærekraft).

Vi har drifta og utvikla utøvarkatalogen og nettsida www.folkartist.no, der målet er å samle ei oversikt over aktive utøvarar og instruktørar innanfor folkemusikk og folkedans. Vi ønskjer å få endå fleire dansarar og instruktørar til å nytte seg av sida.

Samarbeide med laga om å styrke folkedansen og auke talet på dansearrangement
Gjennom Aktivitetstilskotet til FolkOrg og dei større rekrutteringsmidlane via Dextra Musica, har FolkOrg støtta opp om danseaktivitet over heile landet.

FolkOrg var medarrangør for den vekeslange dansefestivalen DANS DANS DANS siste helga i januar 2024, i samarbeid med Riksscenen, NU og Sprang - landsdelsscene for dans. Målet er å få dette til å bli ein årleg festival som etter kvart står meir på eigne bein.

Stø opp om arbeidet i laga med å rekruttere og lære opp danseinstruktørar
FolkLeiarUng Folkedans starta opp hausten 2024, med ti deltakarar i alderen 16-23 år. Dette prosjektet rettar seg mot ungdom som ønskjer å utforske og lære meir om rolla som danseinstruktør og danseleiar. Prosjektet har eit nært samarbeid med lokallaga til deltakarane, og er såleis eit direkte tiltak knytt til arbeidet med å stø opp om laga med å rekruttere og lære opp danseinstruktørar.

Stø opp om realiseringa av bachelorstudiet i folkedans ved Universitetet i Søraust-Noreg og ei landsline i folkedans på Vinstra vidaregåande skule

Etter fleire års arbeid vart bachelorstudiet i folkedans på USN endeleg realisert hausten 2024. Sjølve bachelorstudiet vart sett på vent eit år til, men det vart starta opp eit deltidsstudium som samla folkedansarar frå ulike kantar av landet. Deltidsstudiet og bachelorutdanninga skal fortsetje å utviklast i åra framover. Arbeidet med landsline i folkedans på Vinstra vgs er sett litt på vent, då dei lokalt ikkje per no arbeider for ei slik line.

Arbeide for ei forståing og praktisering av dansen som ein levande og grunnleggande musikalsk tradisjon

Dansen har ein sjølvsagt og sentral plass i FolkOrg sitt arbeid og på FolkOrg sine arrangement. Landskappleiken og Landsfestivalen i gammaldansmusikk samlar mellom 3000-5000 personar, der alle får oppleve dansen som ein levande og vital tradisjon. I løpet av dei siste åra har FolkOrg fått ein del attendemeldingar på at det er for lite rom for dans på Landskappleiken, og FolkOrg har jobba for å betre dette. I Lom i 2023 vart det gode attendemeldingar på opplegget, men at det ikkje vart like bra att på Gol i 2024. FolkOrg har god dialog med Eidfjord for å få til godt programmert dansespelprogram og mykje sosial dans på Landskappleiken i 2025.

På Folkelarm er det danseforestillingar og dansefest. Breidda til folkedansen kjem tydeleg fram både som scenisk kunstform og som ein sosial samværsform. På seminarprogrammet til Folkelarm får ein i tillegg diskutert ulike sider ved folkedansen. Så har FolkOrg også fått attendemelding på at det trengst endå meir rom for dans i programmet. Her er det ei avveging knytt til at Folkelarm først og fremst er ein bransjetreff og showcasefestival. Men dansefesten er ein viktig del av det å drive med folkemusikk og folkedans, så vi tek attendemeldingane på alvor, og satsar på endå meir dans på Folkelarm 2025.

Prosjektet FolkLeiarUng samlar både musikarar og dansarar, der det mellom anna blir fokusert på erfaringsdeling mellom musikarane og dansarane og korleis dei skal forhalde seg til kvarandre i undervisningssituasjonar. Den naturlege linken mellom musikken og dansen er også gjord greie for i dei større rekrutteringsmidlane vi deler ut via Dextra Musica, der søkjarane må skildre korleis dansen og musikken skal gå hand i hand i opplæringa.

FolkOrg arrangerer annakvart år eit dommarseminar, der dansen er eit viktig tema for diskusjon. I 2024 var det stor oppslutning om dommarkurset i dans, som vart halde av Inga Myhr og Stian Roland.

Både tradisjonsdansar og dansekunstnar: Ådne G. kolbjørnshus vann halling klasse A under Landskappleiken på Gol, og fekk seinare i 2024 Folkelarmprisen i kategorien Årets produksjon for forestillinga "Heil ved". Biletet er frå Landskappleiken på Gol i lag med Tora Skavhaug Vik og Sivert Holmen.

Utøvarar og arrangørar

Skape faste møteplassar for utøvarane

FolkOrg skapar faste fysiske møteplassar for utøvarane på Folkelarm. I tillegg blir det arrangert digitale møte for utøvarane der aktuelle tema for gruppa blir tekne opp. Administrasjonen initierer også møte og samlingar med fagutvalet for yrkesutøvarar, samt at administrasjonen prøver å få spreidd informasjon om andre aktuelle møteplassar for utøvande musikarar og dansarar.

Marknadsføre portalen folkartist.no, halde han aktuell og oppdatert, og evaluere ordninga etter 2025

Nettsida www.folkartist.no er oppe og i bruk, vi har planar for vidareutvikling av denne ressursen både når det gjeld utsjånad og innhald framover. Det blir planlagt ei evaluering av ordninga i 2026.

Arbeide for ei meir rettvis TONO-ordning for folkemusikksjangeren, og jobbe for alternative godtgjersleordningar til utøvarar av tradisjonsmusikk

Dagleg leiar har hatt fleire møte med TONO gjennom 2024, også med musikkfagleg utval i TONO. Det har vore arbeidd jamt og trutt med å argumentere for at musikarar som jobbar med tradisjonelle slåttar, bør få betre og meir rettvise vederlag frå TONO. Men vi har ikkje lukkast å få gjennomslag. FolkOrg har parallelt med arbeidet med TONO arbeidd for å få til finansiering av eit Fond for tradisjonsutøvarar. Det er søkt KUD om finansiering av det frå spelemidlane.

FolkOrg har også vore tydeleg på at det trengs tydelegare retningsliner og enklare rapporteringsordning når det gjeld reduksjonsfaktoren som skal slå inn når fritt musikkmateriale vert framført.

Vere pådrivar for å formalisere arbeidstilhøva for instruktørar

FolkOrg skal ikkje setje noko minstesatsar eller liknande sjølve. Men både CREO (Forbundet for kunst og kultur) og NODA (Norske Dansekunstnere) har tilrådingar, og vi har plan om å få til ei oversiktside på FolkOrg sine nettsider i løpet av 2025, med tilvisingar til kva fagforeiningane tilrår av satsar og forhold. Då er målet at vi også skal få oversikt over kva som IKKJE står der, og arbeide opp mot CREO og NODA om dette. I tillegg er vi i kontinuerleg dialog og i samarbeid med Sff og NU om arbeidet med folkedans og instruktørar i dei halvårlege samrådsmøta for folkedans.



Vinnar av TONOs komponistpris under Spellemann 2023, delt ut våren 2024: Anne Hytta, *Brigde*.



Vinnar av Spellemann 2023 i klassa Tradisjonsmusikk, delt ut våren 2024: Sidiki Camara, *Return to the traditions*.

Arbeide for saker som er viktige for yrkesutøvarane og samarbeide med andre aktørar der det er naturleg
FolkOrg har samarbeidd med fleire organisasjonar på vegne av yrkesutøvarfeltet, som til dømes Creo, MØST (Musikkontoret for Oslo, Akershus, Innlandet og Østfold), NOPA (Norsk forening for komponister og tekstforfattere), Tono, Music Norway osb. I 2024 har desse organisasjonane til dømes tilbydd kompetanseheving på ulike felt under Folkelarm.

Kulturpolitisk arbeid

Arbeide for gode regionale strukturar og ordningar innanfor folkemusikk- og folkedansfeltet og slik styrke rammevilkåra for lag, artistar, arrangørar og arkiv
Vi har løfta fram denne problemstillinga i relevante høyringar og møte, mellom anna i møte med statsråd Lubna Jaffery under besøket hennar på Landskappleiken på Gol i juni.

Etter ein idé frå Arrangørforum har regjeringa no teke med i Hurdalsplattforma at dei skal satse på regionale kulturfond, og det kom endeleg inn på statsbudsjettet for 2025. FolkOrg skal følgje opp regjeringa med høyringsinnspel på korleis fondet skal byggjast opp.

Vi har løfta fram og argumentert for finansiering av regionale kompetansesenter i Folkemusikk-Noreg i både skriftlege og munnlege innspel til KUD.

Stø opp om arbeidet med å få på plass digitale publiseringsverktøy for arkiva
FolkOrg stør opp om Norsk senter for folkemusikk og folkedans om dette. Det trengst sårt ei erstatning for dagens fagsystem. Dagleg leiar har både vore medsendar på innlegg på Ballade og i Folkemusikk om saka, og dette var eitt av punkta som dagleg leiar tok opp i sitt munnlege innspel til Familie- og kulturkomiteen.

Stø opp om arbeidet med å få oppdaterte læreverk for sjangeren
FolkOrg si rolle er her mest å stø opp om mellom anna Norsk senter for folkemusikk og folkedans sitt arbeid på dette området, i samarbeid med utdanningsinstitusjonane på folkemusikkfeltet. Det har ikkje lukkast å skaffe finansiering til eit slikt nytt læreverk lydest det, og arbeidet har stått i stampe etter pandemien.

Vere pådrivar for å styrke internasjonal kulturutveksling og satsing på eksport av norsk kultur
FolkOrg har saman med Music Norway sett i gang eit fireårig prosjekt for å styrke eksporten av norsk folkemusikk. I 2024 var deltakarane i EX.TRA dei seks showcaseartistane som vart valde ut til Showcase Scotland og Celtic Connection.

Noreg, med FolkOrg og Music Norway i spissen, var partnarland under Showcase Scotland i januar 2024, der seks norske artistar fekk vist seg fram. Erlend Viken Trio, Gangar, Ævestaden, Alexander Aga Røynstrand, Julie Alapnes og Gabba hadde alle eigne konsertar under Celtic Connection og showcase på bransjetreffet Showcase Scotland. FolkOrg arrangerte ei norsk mottaking der statssekretær Even Alexander Hagen deltok. Der var også den skotske ministeren for kultur og næring, representantar frå UD og det norske generalkonsulatet i Edinburgh.

På Folkelarm har vi hatt eit delegatprogram for norske og internasjonale delegatar. Vi arbeider heile tida for å finne dei beste internasjonale delegatane, og for å få fleire norske delegatar utanfor kjernen av folkemusikkarrangørar til å kome på Folkelarm. I 2024 deltok 30 internasjonale delegatar, og totalt var det over 100 profesjonelle delegatar til stades på Folkelarm.

FolkOrg var også i 2024 representert på Womex, det største bransjetreffet for folke- og verdsmusikk i verda, i Manchester England. I juni deltok rådgjevar Ann Helen Erichsen på Northern Expo i Bodø, og heile administrasjonen deltok på Nordic Folk Alliance i Roskilde, Danmark. FolkOrg er medstiftar av EFN (European Folk Network), og nettverket arrangerer ein konferanse kvart år. Ann Helen Erichsen deltok på konferansen i år. Erichsen sit også i styret i EFN.

Vedlegg - Årsmelding 2024

Vinnarar på Landskappleiken

Vokal
A: Synnøve Brøndbo Plassen, Hedmark Folkemusikklag
B: Magnhild Garnås Haugen, FolkOrg
C: Solveig Onstad, Øystre Slidre Spel- og dansarlag
D: Veslemøy Fjerdingstad, Kongsberg Spel- og dansarlag

Durspel
Junior: Vegard Kvestad, Osterøy Spel- og dansarlag
Senior: Hilde Fjerdingøy, Sinnsykt Bra Alternativ

Spel hardingfele
A: Per Anders Buen Garnås, Spelemannslaget Bøheringen
B: Åsmund Farstad, Spelemannslaget Fjelljom
C: Syver Rolandsgard Hauge, Vestre Slidre Folkemusikk og Danselag
D: Anne Svånaug Blengsdalen, F Kongsberg Spel- og dansarlag

Spel fele
A: Aslak O. Brimi, Lom Spel- og dansarlag
B: Ragna Valde Sletten, Vågå Spel- og Dansarlag
C: Ingrid Sofie Midtbø-Bruner, Osterøy Spel- og dansarlag
D: Arne M. Sølvberg, Spelemannslaget Fjelljom

Dans hardingfele
A: Ulf-Arne Johannessen, Margit Myhr, Ingunn Stræte, Ål spel- og dansarlag
B: Neri Sørnæs Bakkjen, Vilde Ellegaard Westeng, FolkOrg, Gransherad Spel og dansarlag
C: Anne Britt Seljord Amundsen, Guro Kleppe Høibo, Nes Nasjonale Dansarring
D: Leon Årdal, Kirsten Johanne Friis, Indre Sunnfjord Spelemannslag

Dans fele
A: Anbjørg Myhra Bergwitz, Audun Grüner-Hegge, FolkOrg
